

REVISJON FOR EVANGER KRAFTVERK – NYE MERKNADER.

Syner til tidlegare tilsendte dokument og tilhøyrande vedlegg:

- «Merknader til revisjonsdokument for Evanger Kraftverk» dat 29.10.21 med div vedlegg.
- Mail 21.09.22:»Merknad revisjon av konsesjonsvilkår» vedlagt «Regulering og laksebestandar»

NYE MERKNADER VEDR ENDRA VASSFØRING ETTER KRAFTUTBYGGINGA:

1. Ny rapport om endra vannføring.

Det føreligg nye opplysningar om endra vassføring i Bolstadelva:
«**Akvaplan-niva Rapport 2021 63071.01**»: Effekt av vannkraft på fjorder rundt Osterøy.
Utført etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Hordaland. Ferdig datert 15.10.21.

Rapporten påpeikar klart at vannkrafta har endra saltinnhaldet i Bolstadfjorden og medført betydelege mengder meir ferskvatn enn før utbygging.

På side 7 er det synt til at maks slukeevne i kraftstasjonen er på 53,8 m³/sek. Og ein berekna kraftproduksjon som er konstant, og tilsvarar midlere årsproduksjon, gir ein vanntransport lik 41,75 m³/sek gjennom kraftstasjonen. Og vidare at kraftproduksjonen har medført at ferskvannstilførselen til Bolstadfjorden har auka med fleire titalls m³/sek.


2. Tidlegare rapportar:

Det føreligg svært ulike framstillingar av endringane etter kraftutbygginga:

- **Rådgivende Biologer Rapport 1472:**
Denne beskriv endringane i vannføring slik på side 68:
«De allerede utførte overføringene har ført til en økning i den gjennomsnittlige vannføring i Bolstadelven på 22 m³/s i gjennomsnitt over året, hvilket utgjør omtrent 25 %, mens vintervannføringen i et år med "middels vinter" er økt i flere trinn med nesten 400 % fra før reguleringene.»
- **Uni Miljø (LFI) Rapport nr. 184 «LIV-livet i vassdragene»:**
Sjå punkt 3.1 om vannføring og figur 2, side 11:

3.1 Vannføring

Vannføringsregimet har ikke endret seg i nevneverdig grad etter reguleringen av Bolstadelva (Figur 2). Den gjennomsnittlige vannføringen har økt med 7 % av det vannføringen var før reguleringen. Økningen er størst om vinteren og om sommeren.



Figur 2. Beregnet vannføring ved utløpet av Bolstadelva før og etter reguleringen (data framskaffet av BKK).

11

Det er spesielt denne framstillinga me stiller spørsmål ved. Det er her synt vesentleg mindre endringar enn det Akvaplan og Rådgivende Biologer beskriv. Me har fylgjande merknader:

- Med så store nye overføringar stiller me spørsmål kvifor det ikkje er større forskjellar på dei to kurvene. Syner til vårt eige vedlagte skriv «Regulering Evanger. Endringar i vannføring og temperaturar». Her er oppstillingar av nye overføringar, sjå også vedlagte kart over reguleringa i dei berørte fjellområda. Med så store overføringar, skulle det vera større forskjellar på rød og blå kurve.
- Vintervannsføringa mellom medio nov og beg april syner om lag 50 m³/sek, både før og etter regulering. Naturleg avrenning frå Vangsvatnet vil i dette tidsrommet vera vesentleg lågare, spesielt i lengre periodar med stabilt og kaldt vintervær. Avrenninga frå eit uregulert Teigdalsvassdrag vil medføra eit lite tillegg på nokre få m³/sek, samt vatn frå nokre mindre side elvar. Me stiller då spørsmål om ca 50 m³ før regulering på vinterstid kan vera rett. Forskjellen mellom naturleg låg vintervannsføring og det som kjem frå kraftverket må vera vesentleg større enn framstillinga i LFI rapporten. Syner til vedlagte notat «Regulering Evanger. Endringar i vannføring og temperaturar» og kart som syner overføringane.

3. Nye berekningar av endringane frå reguleringane.

Som grunnlag for revisjon av konsesjonsvilkåra hevdar me at opplysningar om dei reelle endringane etter reguleringane må klarleggjast. Med så forskjellige framstillingar, så ynskjer me nye undersøkingar og berekningar på kva som er fakta. Me ynskjer også svar på om opplysningane i LFI rapporten kan vera riktige.


Akvaplan rapporten vart utført med avgrensa midlar og derfor er det under arbeidet føreteke forenklingar i mellom anna berekning av vassføringa gjennom Evanger kraftverket. Dette etter utsegner frå dei utførande. Difor er det behov for vidare arbeid for ei endeleg klargjering av dei beskrevne tilhøva. Ved

nye undersøkingar er det av omsyn til Vossalaksen også svært viktig om det også kan dokumenterast endringar i temperatur tilhøva.

Ei løysing kunne vera at forfattarane av den nye rapporten kunne arbeida vidare og fullføra dei etterlyste berekningane. Som finansiering ser me det som naturleg at NVE gir pålegg til regulanten om å bekosta dette.

På vegner av styret i Stiftelsen Voss klekkeri;

Med vennleg helsing



Rolf Abrahamsen, styreleiar (932 13 463)

Vedlagt:

- Akvaplan-Niva rapporten.
- Vårt skriv: «Regulering Evanger. Endringar i vannføringar og temperaturar» dat 27.04.22
- Kart over reguleringar.

Styret i Stiftelsen Voss Klekkeri:

Rolf Abrahamsen – Styreleiar, Voss Jeger- og fiskarlag

Ole Kristian Skorve, Voss Jeger- og fiskarlag.

Egil Hauge, Voss Jeger- og fiskarlag.

Erling Eikevik, Bulken - Evanger Elveeigarlag.

Heine Mestad, Teigdalen Elveeigarlag.

Bjarne Bolstad, Bolstadelva AS.

Kjetil Horvei, Voss Grunneigarsamskipnad.

Kåre Tufte, Evanger Sportsfiskarlag.

Kjell Hernes, Voss Herad.

Geir Ove Henden - Dagleg leiar